

Ny aktivitet i Mekkeklubben sine lokale – utlysning

Bakgrunn

Time kommunestyre vedtok i juni å leggja ned det kommunale fritidstilbodet «Mekkeklubben» på Lyefjell.

Mekkeklubben er ein del av Lyefjell fritidsklubb, og held til i eigne lokale nedanfor Fjellvegen. Mekkeklubben starta i 1991, og skulle vera eit tilbod for å fanga opp ungdom som ikkje fann seg til rette i eksisterande fritidstilbod som idrett, korps osv. Det same skulle fritidsklubben, men på «Mekken» var tilbodet meir retta mot motorinteressert ungdom. Slik er det òg i dag. «Mekken» tilbyr skruing på klubben sine køyretøy, samt at brukarane òg kan reparera eller pussa opp sine eigne. Dei siste åra er tilbodet utvida til også å gjelda dronar og rc-bilar. Målgruppa er unge frå 8. klasse til og med vidaregåande skule.

Kommunestyret vedtok at når Mekkeklubben i kommunal regi blir lagt ned, «kan lokala stillast til disposisjon for frivillige aktørar».

Formål

Time kommune søker med dette etter ein frivillig aktør til å etablera eit nytt fritidstilbod i Mekkeklubben sine lokale. Kommunen ønsker primært aktivitet som rettar seg mot den same målgruppa som beskrive ovanfor, og som blir eit gratis tilbod, jf. Alle med.

Kven kan søka?

Time kommune søker etter ein frivillig organisasjon som er registrert i Frivilligregisteret eller Einingsregisteret, og som har eit ideelt føremål.

Vilkår

Time kommune stiller lokala til Mekkeklubben vederlagsfritt til disposisjon. Det same gjeld utstyr og verktøy etter nærmare avtale.

Den frivillige organisasjonen som blir valt må sjølv betala driftskostnadene, inkludert kommunale avgifter, straum, reinhald osv.

Det blir utarbeidd eigen avtale om bruken av lokala, inkludert moglegheit for gjensidig oppseiing.

Oppstart

Ønska oppstart av tilbodet er snarast, og seinast 1. januar 2025.

Rapportering

Drift av det nye fritidstilbødet skal årleg rapporterast til kommunen. Rapporteringa skal omhandla aktivitetstilbød, opningstider og tal på brukarar. Tidspunkt og form på rapporteringa vil bli avtalt seinare.

Evalueringskriterium

Innleverte tilbød/søknader vil bli vurdert opp mot formålet beskrive ovanfor, om organisasjonen kan visa til erfaring med ungdomsarbeid, og om organisasjonen vil leggja til rette for eit ope tilbød som rettar seg mot alle ungdommar i målgruppa.